



## MØTEREFERAT

**STYREMØTE, mandag 23. oktober 2017 kl. 15-17  
STAD: Olav Sletto-rommet i Holet bibliotek.**

Tilstades: Grethe Larsgard Rudningen, Maria Søndrål,  
Inger Grostølen, Eva Almhjell.  
Meldt forfall: Margarethe L'orange.

Referat: Grethe L. Rudningen, 25.10.17

	<b>Tema</b>	<b>Ansvar/Oppfølging</b>
1	Debriefing etter OLAV SLETTODAGEN 2017. Stikkord: Stad, tid, samarbeid med Ål bibliotek, servering, pris, fagleg innhald...	<p>Ål kulturhus/Veslesalen er godt egna. Samarbeid med Ål bibliotek gjorde at gjennomføring av arrangementet vart mykje enklare for OSS. Biblioteket sto for det praktiske og OSS kunne fokusere på det faglege innhaldet. Alle foreleserane var svært interessante og dyktige. OS-DAGEN er lagt til laurdagen før eller etter 24. oktober, dagen OS døydde. Grunna usikre værforhold på denne årstida, kan det hende vi vurderer å arrangere dagen litt tidlegare på hausten.</p> <p>Det vart selt 35 biletar til medlemmar og 9 til ikkje-medlemmar. Fleire var inviterte som gjester. I alt var det meir enn 50 folk tilstades. Maten var god, oppdekkinga i Galleri Syninga triveleg, frukt og nötter, kaffe/te/vatn ved inngangen – alt vart sett stor pris på av publikum.</p> <p>Ål bibliotek/Anne Kaslegard var på si side godt nøgd med samarbeidet. Vi held oss innanfor budsjettet. Hol mållag har tilsagt støtte utan å spesifisere beløpet. Vi avventar reaksjon frå HM.</p> <p>Styret var sers nøgd med OLAV SLETTODAGEN 2017.</p>
2	Tankar om OLAV SLETTODAGEN 2018.  Stikkord: -Biskopen om Olav Sletto -Olav og kjærleiken	<p>Styret prioriterer å bruke Ål kulturhus. Ål bibliotek/Anne Kaslegard melder at biblioteket i Nes og Hol er interessert i å vera med om det blir eit OSD i 2018. Det er mindre von om Ål bibliotek blir med, grunna økonomiske innstrammingar. Då blir husleiga høgare! Og vi får ingen hjelp med det praktiske!</p> <p>Styret opne likevel for vidare samarbeid med Ål bibliotek eller/og andre bibliotek i dalen. Hol og Nes har sagt seg interessert.</p> <p>Styret ynskjer å behalde konseptet frå OS-DAGEN 2017 med faglege samtaler, der Olav Sletto blir samanlikna med andre forfattarar frå omtrent same tid - eller annan tid, om det er interessant.</p> <p>Biskop Per Arne Dahl er spurt om å tala i 2018, og har sagt ja. Tema ikkje bestemt enno.</p> <p>Eva A. transkriberer brevvekslinga mellom Olav og Karin Sletto. Olavs kjærleik kan vera eit mogleg tema i 2018.</p> <p>Det må søkjast om pengestøtte frå kommunar, bankar og mållag mfl.</p>
3	Røynsler med deltaking på Kjerringtorget på Nesbyen 2017. Stikkord: -stad, tid, pris (1800 kr. for 2 dagar), sal -fleire under same tak ...	<p>Eva Almhjell deltok to dagar og Grethe L. Rudningen ein dag. OSS hadde salsbu saman med kunstnaren Gunnveig Nerol. Det kosta kr. 1800 for to dagar, delt på to vart det 900 kr. på kvar av oss.. OSS omsette for meir enn 6000 kr. Jubileumshefte 2011 inneheld debutboka til Olav Sletto ("Dei gamle") og sel godt.</p> <p>Styret meiner me skal vera med neste år. Det er viktig at Eva er med.</p>

		<p>Ho er ein god seljar. Eva følgjer opp påmelding og organisering for neste år. Styret godt nøgd med deltakinga på Kjerringtorget 2017.</p>
4	<p>"Prosjekt digitalisering" – status og handsaming i Hol bygdearkiv.  Stikkord: -vi ser slutten, kanskje? -oversikt  Eva har sendt søknad om støtte til Hol kommune. Frist: 15.10.17</p>	<p>Bjørn Furuseth i Bygdearkivet ga styret ei innføring i korleis transkribert og skanna stoff blir lagra på heilt sikre serverar i bygdearkivet. Berre to personar i arkivet har tilgang til dette stoffet no. Prosessen vidare må avklare kven som skal vera med å administrere det digitaliserte materialet. Arbeidet med det som er att å transkribere og skanne m.v. går godt. Dei som har vore/er med er: Eva C Skaarberg – brev frå Alf Larsen (ferdig) Eva Almhjell – brev mellom Karin og Olav Sletto (mykje att) Eva Almhjell - taler av Olav Sletto o.a. (ferdig). Margarethe L'orange – brev frå forfatterar og andre kjende personar (mykje ferdig – mykje att.) Ingrid og Dag Wollebæk – brev som omhandlar Olav Sletto som skulemann (mykje att). Margarethe og Eva gikk gjennom alle arkivboksar i sommar, laga ein oversikt og vurderte kva som skal transkriberast. Det gjorde det arbeidet som står att meir oversiktleg. Vi får attendemelding på vår søknad om midler frå Hol komm. i desember. Styret vel nøgd med framdrifta i digitaliseringsprosjektet.</p>
5	Årsmøte 2018 – best. tid og stad	<p>Vika velferdssenter, fredag 6. april 2018 kl. 18 inntil kl. 2130. Bjørn Furuseth gir info om lagring osb. av transkribert og skanna stoff frå OS-arkivet, og dei 5 som har gjort jobben gir eit lite innblikk i kva digitalisering er i praksis (Eva-Cecilie Skaarberg, Margarethe L'orange, Ingrid og Dag Wollebæk og Eva Almhjell - maks 20 min pr. person). Styret var samd om at vi ikkje opnar for publikum denne gongen. Vi har innført OLAV SLETTØ-DAGEN som ivaretak det faglege vi før presenterte i årsmøtet. Det blir styremøte på same dag og same stad kl. 16-18.</p>
6	Eventuelt – tankar om ....	<p>Eva orienterte frå samarbeid med <b>Vollen historielag</b>. Laget har tinga <b>foredrag og artikkel</b> av henne til ei årbok. Slettos sette seg opp hus (Vesleheimen) og budde i Vollen 1912-1917. Dette var dei mest aktive taleferdåra for Sletto, og ektefellene veksla fleire hundre brev mens han var på reise. Dei må vera ferdig transkribert før Vollen historielag får ein artikkel om denne tida. Eva lagar utkast til OSS <b>medlemsbrev nr. 2/17</b> før jul. <b>Dølaminne</b> har dette året med ei tale av Olav Sletto om "Hallingdal – dalen og dølen", ei morosam fortelling! Eva har 5' om dette under <b>Bokmessa 2017</b> på Ål. OSS har ingen stand i år. Grunna si mangeårige støtte til Olav Sletto-selskapet – heilt gratis – har OSS gitt "Soga um Røgnaldfolket" i <b>gave til Jørn Øyrehaugen Sunde</b>. Styret er nøgd. 2 styremedlemmer står på val. Dei gir beskjed til valnemnda om dei vil halde fram eller ikkje.</p>